

Bergpreika:

Vårt forhold til andre

Matteus 5,1–48

Innleiing: spørsmål omkring Bergpreika

Korleis ein skal forhalde seg til Bergpreika, har vore *enormt* mykje diskutert opp gjennom kyrkjehistoria. Hovudproblemet er at den stiller svært strenge etiske krav, og folk har spurt seg: *meinte* Jesus verkeleg at vi skulle leve etter dette?

Dr Case-Winters tek føre seg *tre* spørsmål som ho seier litt om (og eg legg også til litt eigne tankar, eller frå andre kommentatorar):

- Er Bergpreika ei realistisk forventning til korleis kristne skal leve?
- Kva er forholdet mellom endetids-forventningar og noverande realitetar i det som vert undervist?
- Er der ei for sterk vektlegging av frelse ved gjerningar, spesielt i forhold til den frelse ved nåde som Paulus forkynner?

Er Bergpreika realistisk?

Ei rekkje forsøk har vore gjorde på å dempe ned eller heilt unngå dei sterke krava vi møter her. Dr Case-Winters nemner desse eksempla:

- Dette er ein «midlertidig» etikk. Jesus og dei fyrste kristne forventa at Jesu andre kome ville verte ganske snart, og ein kunne leve på denne måten ei kort stund medan ein venta på det. Når Jesu andre kome dreg ut, og kristne meir må forhalde seg til eit vanleg kvardagsliv, trengst også ein meir realistisk etikk.
- Dette er ei perfeksjonist-kode som berre gjeld for ein «indre sirkel», folk som spesielt har vigd livet sitt til kristent arbeid, som munkar og prestar.

- Dette er ein umuleg etikk å leve etter. Poenget er ikkje at vi skal oppfylle denne standarden, men at vi skal sjå kor mykje vi treng nåde og tilgjeving. Den skal drive oss til å overgje oss til Guds nåde.

Fleire syn finst. Her er eit par eg har sett på Vårt Land sitt Verdidebatt-forum:

- Dette var noko Jesus sa til jødane for å vise dei kor dårleg det sto til med deira liv.
- Dette er noko som det skal levast etter i eit framtidig Guds-styrt rike, kanskje det tusenårs-riket som Johannes' openberring snakkar om.

Det synest å vere veldig svakt grunnlag for desse syna. Ei nøktern lesing gjer det vanskeleg å komme frå at dette faktisk er sånn Jesus ynskjer at hans etterfylgjarar skal leve, og at det gjeld *alle*, ikkje berre ein indre sirkel, og midt i den vanlege kvardagen som vi befinn oss i.

At vi ikkje kan nå opp til det, er ikkje eit hinder for å ha det som eit ideal. Vi kan framleis *strekke* oss etter det.

Der er imidlertid ein faktor som dempar det heile ned litt, og som eg trur det er betre grunnlag for å ta med:

- Kulturen i Midt-Austen på den tid (og kanskje i dag også?) var ein *overdrivings*-kultur. Skulle ein verte teken alvorleg, måtte ein seie ting på sterke måtar som ikkje var meinte å takast bokstaveleg^{note[†]}. Eg trur at i alle fall *noko* av det Jesus seier må sjåast i lys av dette.

Kva slags forhold er her til endetids-forventningar?

Korleis kan verda endrast til det betre? Blant kristne kan vel synet på dette spørsmålet seiast å variere over ein skala. I den eine enden finn du dei som meiner at det går berre nedover, og berre eit Guds inngrep kan gjere verda til det ho burde vere. I den andre enden er dei som meiner at vi ikkje kan vente noko Guds inngrep, men at alt handlar om kva vi sjølve kan få til, og at verda også går framover.

Dr Case-Winters ser både Matteus-evangeliet og Bibelen generelt som å finne ein balanse mellom desse to ytterpunkta. Vi både kan og skal gjere noko i den

note[†]: Sjå Kenneth Bailey: Jesus Through Middle Eastern Eyes, side 181.

verda som no er, for å realisere himmelriket sine verdier. Samtidig ser vi fram til eit Guds inngrep der desse verdiane vil verte realiserte på ein mykje meir fullkomen måte enn noko vi kan oppleve slik verda er no.

I Kapittel 13 av Matteus snakkar Jesus om himmelriket som eit sennepsfrø og som ein surdeig. Dei byrjar i det små, men veks umerkjeleg til noko veldig stort. Forandringane som skjer, vert gradvis meir tydelege her i verda. Samtidig innevarslar dei at noko betre skal skje ein gong i framtida.

For mykje vekt på gode gjerningar?

Både Bergpreika og Matteus generelt synest å legge ein god del vekt på gode gjerningar – skjønt ikkje berre det. Der er også mange lovnadar om guddommeleg miskunn og velsigning. Desse tinga er fletta inn i kvarandre.

Dr Case-Winters bemerkar likevel at Matteus synest å ligge nærmare Jakobs brev, som snakkar om at «tru utan gjerningar er til inga nytte» (Jak 2,20), og står lenger frå Paulus, som snakkar om at «ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud ved gjerningar som lova krev, men berre ved trua på Jesus Kristus» (Gal 2,16).

Og dermed er vi midt i diskusjonen omkring forholdet mellom tru og gjerningar, ein diskusjon som aldri synest å verte ferdig. Lutherske stemmer legg vekt på rettferdiggjering som den tilgjeving for synd som er vår i Kristus. Katolikkar snakkar meir om heilagging og den fornying av livet som er vår i Kristus. I ei felleserklæring frå katolikkar og lutheranarar saman heiter det:

Gode gjerningar – eit kristent liv levd i tru, håp og kjærleik – fylgjer frå rettferdigginga og er ei frukt av denne.

Viktig også er at rettferd ikkje er å vere perfekt syndfri, men å stå for det som er rett og handle miskunnsamt.

Sæleprisingane

Jesus set seg ned for å tale, noko som varslar at det som no kjem er hans offisielle undervisning. Og han talar til lærlingane. Jesus har nøye førebudd seg, og nøye valt ut sine lærlingar. No fortel han dei kva dei treng å vite for å

kunne ta etter han og utføre si teneste. Preika er sannsynlegvis ei samling av ting Jesus pla undervise om.

Der er 8 sæleprisingar: 4 som handlar om å vere i ein rett tilstand, og 4 som handlar om å gjere dei rette tinga. Det synest mest nærliggande å tru at dette skal beskrive nettopp lærlingane: korleis dei er, evt korleis dei skal vere. Og for alle 8 beskrivelsane heiter det at dei er sæle. Dei eig ei lukke som ingen kan ta frå dei, nemleg at dei står i ein rett relasjon til Gud. Samtidig er dei dårleg stedte i verda. Vi ser igjen at det vert snudd opp-ned på kven som *eigentleg* er dei heldige, og kven som ikkje er det.

Litt om kvar sæleprising (frå William Barclay sin NT-kommentar):

- Å vere **fattig i ånda** kan forståast som å måtte setje all si lit til Gud, fordi ein ikkje har noko anna igjen å lite på. Og denne fattigdommen vert belønna med den største rikdom: sjølv himmelriket.
- Det står ikkje kva **dei som syrgjer**, syrgjer over. Men kanskje er det meint sorg over vondskap og urettferd. Og desse får den beste trøyst, som er Guds trøyst.
- Det neste order er sett om som «**audmjuk**», men det kan eigentleg ligge litt forskjellige ting i det. Det har også vore sett om som «**tålsam**», og kanskje handlar det om den som kan halde ut og lide tålmodig utan å gje opp trua på det gode. Og held ein ut lenge vert eins arv stor, ein skal arve jorda.
- Å **hungre og tørste etter rettferda** handlar om ein verkeleg *djup* hunger og tørst, slik som berre dei som har opplevd det kan forstå. Og hungeren er ikkje etter *litt* rettferd, men etter *fullstendig* rettferd og godleik. Og dette set Gud pris på. Det er ikkje berre kva vi oppnår som er viktig for Gud, men også kva vi drøymmer om. Ein dag skal Gud sjølv stille denne hungeren og tørsten.
- Å vere **miskunnsam** er noko vi fyrst kan når vi kan setje oss i andre sin stad, og handle ut frå det. Jesus var sjølv miskunnsam. Og slik Jesus er, slik er Gud. Er vi miskunnsame, skal Gud møte oss på same måte.

- Å vere **rein i hjertet** kan kanskje forståast som å ha berre gode motiv for det ein gjer. Det indre og det ytre må henge saman, gode ytre gjerningar må komme frå gode indre motiv. Den som slik er rein, skal også ein dag sjå den Gud som sjølv er rein.
- Å **skape fred** handlar antakeleg om å vinne over konflikter og skape gode forhold menneske imellom. Dei som gjer dette skal kallast Guds born; dvs dei liknar på Gud, fordi dette er noko Gud sjølv gjer.
- Å verte **forfulgd** var og er dessverre mange kristne sin lott. Og det er vel berre ved Den heilage ande si overnaturlige kraft at ein kan verte i stand til så sjå dette som ei ære og noko å glede seg over. Jesus lovar at Gud skal gjere opp for det med ei rikeleg lønn.

Salt og lys

Kan folk flest sjå på kristne og og verte begeistra for det dei ser? Her kan eg ikkje stå imot freistinga til å meine ein del. Det synest meg at mange i dag får eit dårleg inntrykk av oss. Og det er gjerne ikkje utan grunn. M.a. kranglar vi oss imellom og er splitta opp i ei rekkje forskjellige grupper. Og noko av det vi kranglar om, er dessverre kva som skal til for å gjere eit godt inntrykk.

Jesus ville at vi skulle danne eit fellesskap med alternative, gode verdiar i forhold til urettferd og ondskap. Men det vert ikkje fellesskap av splitting. Og vi treng å vere samde om kva dei gode verdiane er.

Eg tenkjer at viss våre verdiar skal vere tiltalande, så må dei vere *menneskevennlege* verdiar. Eg synest at ved mykje av kristendom er der noko hardt og umenneskeleg. Kristne har sitt blikk retta mot reglar som skal fylgjast, same kva fylgjer det har for menneske. Jesus sjølv retta blikket sitt mot menneska og sa: «Sjå dette mennesket...», «sjå denne kvinna...», «sjå denne mannen...». Eg ynskjer at vi kunne gløyme reglane, og sjå menneska i staden.

«De har høyr det er sagt...»

Jesus kjem no med 6 bitar av undervisning som innleier med «de har høyr det er sagt...». Desse 6 er ramma inn av ord om Jesu forhold til lova og profetane i starten, og ord på slutten om å vere fullkomne slik Gud er fullkomen.

Oppfylling av lova og profetane

Jesus erklærer at han *ikkje* er komen for å *oppheva* lova eller profetane. Somme tek dette som at han i staden *fastheld* den gammaltestamentlege lova. Men det er ikkje akkurat det han seier. Når alt kjem til alt, så braut Jesus sjølv den gamaltestamentlege lova, særleg sabbats-bodet. Og Paulus er overtydd om at Jesus er «endepunktet for lova» (Rom 10,4).

Jesus snakkar i staden om at han skal *oppfylle* lova. Dette er ord som mange har grubla over. Dr Case-Winters nemner 3 mulege forståingar:

- (1) Det Jesus gjer, stemmer med profetiar i GT. Vi har sett at dette er noko Matteus legg vekt på. Det tener til å vise at han er den rette Messias, som også kan gje den rette forståinga av lova.
- (2) At Jesus faktisk held lova. Men det synest det meg at han ikkje gjer?
- (3) At Jesus lærer og lever etter ei djupare meining i lova, som er nestekjærleik. Enkeltreglar må vike for nestekjærleiken. Men nestekjærleiken *reduserer* ikkje lova. Den *overgår* lova, og krev *meir*, ikkje *mindre*.

Ei større rettferd

Dei neste orda om å oppheve eller halde boda, tek eg for min del som å referere til dei tinga som Jesus skal til å seie. Og så erklærer han at lærlingane si rettferd må vere «mykje større enn rettferda til dei skriftlærde og farisearane». Og viss det rett og slett handlar om å overhalde eit sett av reglar, så skulle det vere umuleg, for farisearane var meistrar i regel-halding.

I staden trur eg, og eg har Dr Case-Winters med meg i det, at det handlar om at eins gjerningar må springe ut av nestekjærleik. Dei tinga som Jesus kjem med, er ikkje eigentleg *reglar* som skal haldast, men *eksempel* på kva det vil

seie å leve i nestekjærleik. Farisearane og dei skriftlærde hadde ikkje noko hjerte i det dei gjorde. Dei såg bra ut utanpå, men ikkje inni, dei var «kalka graver» (Matt 23,27). Men Jesu etterfylgjarar må vere langt meir heilstøypte enn som så. Det indre og det ytre må henge saman; ytre gjerningar må komme frå ein indre nestekjærleik, og den indre nestekjærleiken må føre til ytre gjerningar.

6 eksempel på nestekjærleik

- (1) Om ein lever i nestekjærleik, så vil ein ikkje berre avstå frå å drepe eller skade andre. Då vil ein naturleg heller ikkje seie sinte ting, eller tenkje sinte tankar om andre. Og har ein likevel roke uklar med nokon, så vil ein heller gjere opp fyrst, enn å komme og bere fram offer i tempelet.
- (2) Om ein lever i nestekjærleik, så vil ein ikkje berre avstå frå seksuell utruskap. Ein vil heller ikkje tenkje på det. Det indre og det ytre heng saman.

Nokre tek kanskje likevel desse orda altfor alvorleg. Vi er seksuelle vesen, og at vi føler ei *tiltrekning* til andre er naturleg og ikkje noko gale ved i seg sjølv.

Her kjem Jesus også med sterke ord om å lemleste seg sjølv, ord som eg trur skuldast den tids overdrivings-kultur. Han meinte ikkje bokstaveleg at vi skulle gjere det, og heldigvis ser det ut til at folk ikkje tolkar han slik, heller.

- (3) Nestekjærleiken må også råde i spørsmål om skilsmisse. Dette kjem vi meir inn på i kapittel 19.
- (4) Nestekjærleik tilseier at vi *alltid* er sannferdige og pålitelege. Det skal ikkje trengjast nokon eid for at folk skal kunne stole på oss. Men eg antek at det ikkje difor er noko gale i å avleggje ein eid når protokollen tilseier det.
- (5) Det jødiske samfunnet hadde eit like-for-like-prinsipp. Dette vart ikkje praktisert heilt bokstaveleg. Det vart rekna ut eit beløp i pengar som skulle tilsvare den skade ein hadde gjort, og så skadevaldaren måtte

betale dette beløpet i bot. Men Jesus formanar sine til å *ikkje* gå til noka form for gjengjelding. Dette er likevel ikkje ei passiv finne-seg-i-alt-haldning, men ein aktiv invitasjon til den andre part om å også endre sine verdiar og handle annleis.

- (6) Ein kjærleik til dei som står oss nærmast, er å forvente. Men Jesus vil at vi skal ha ein totalt grenselaus nestekjærleik, til og med til våre fiendar. Kristen nestekjærleik skulle strekkje seg til IS-medlemmar og humanetikarar, ja til og med til andre kristne som «trur feil» 😊.

Å vere fullkomen

Til slutt seier Jesus at vi skal vere «fullkomne, liksom Far dykkar i himmelen er fullkomen». Og fullkomne er ingen av oss, det veit vi. Så korleis skal dette gå til?

Ordet kan også oppfattast som å handle om å vere heil. Det handlar antakeleg om det vi alt har snakka om: å vere heilstøypt, at det indre og det ytre heng saman. I staden for å handle etter det ufullkomne prinsippet om å overhalde visse ytre reglar, skal vi handle etter det fullkomne prinsippet om at våre gjerningar skal springe ut av nestekjærleik.

Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett nokre av dei tinga som Dr Case-Winters meiner er hovudtema:

- Der er ein brodd mot farisearane og dei skriftlærde.
- Jesus snur opp-ned på kven som er «stor» og kven som er «liten».
- Jesus står for ein svært høgverdig etikk som overgår alt jødane før hadde høyrte.

